

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Formannskapet	02.10.2025

Høyring planprogram regional plan verdiskaping og kompetanse

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Bømlo kommune gjev følgjande høyringssvar til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse:

1. Formannskapet støttar hovudinnhaldet i planprogrammet, dei skildra plantema og føremålet om å samle fleire gjeldande planar. Ein bør ha fokus på å utarbeide konsise planar med gode politiske føringar, framfor fyldige planverk med mykje informasjon som ein kan finne andre stader.
2. Til 3.1.2: å utvikle system og kultur for auka sirkulærøkonomi bør og inkludere kommunane, spesielt med tanke på kompetanse innafor til dømes innkjøp og bygg.
3. Til 3.2.4: kommunane sitt framtidige kompetansebehov må og vere ein del av arbeidet med å identifisere kompetansebehova
4. Til 3.2.3: kommunar har både lang og god erfaring på dette tema, som bør vere ein del av kunnskapsgrunnlaget i det vidare planarbeidet
5. Til 7 Framdriftsplan og milepålar: at endeleg framlegg skal bli sendt ut juni 2026, med høyring fram til september blir knapt med tanke på lokalpolitisk forankring. Bømlo kommunestyre skal møte 21.09.26, så politiske dokument må i følge interne fristar vere stilt ferdig allereie kring veke 33, altså før skulestart. Formannskapet spelar inn at høyringsfrist bør tidlegast vera oktober 2026.

Samandrag av saka:

Denne saka gjeld politisk fråsegn til planprogram for ny regional plan verdiskaping og kompetanse, i regi av Vestland fylkeskommune. Planarbeidet er meldt starta opp og skal etter plan og bygningslova ha eit planprogram, som blei sendt ut på høyring av fylkesutvalet i august.

Den nye regionale planen skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland fylke.

Høyringsfristen er sett slik at formannskapet gjev politisk fråsegn på vegne av Bømlo kommune

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har varsla oppstart for arbeidet med regional plan verdiskaping og kompetanse. Fylkesutvalet sendte ut planprogram for denne regionale planen i sitt møte 21.08.25, og høyringsfrist er sett til 10.10.2025.

Parallelt har Vestland fylke starta opp arbeid med regional plan for areal og mobilitet. Høyringsframlegg til planprogram for denne planen blei og sendt ut i same møte, og fylket oppmodar om å sjå desse planane i samanheng. I vedtaket oppmodar dei kommunane til å kome med politiske høyringsfråsegner

Saksutgreiing:

Eit planprogram handlar om prosess og skal mellom anna gjere greie for føremålet med planarbeidet, viktigaste plantema, fristar, deltakarar/medverknad og behovet for utgreiingar. Ny regional plan for verdiskaping og kompetanse skal mellom anna gje rammer og føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet.

Eit planprogram skal omtale behov for ny kunnskap og kartleggingar. I dette planprogrammet er det ikkje identifisert nye utgreiingsbehov eller konsekvensutgreiingar. Innhenting av ny kunnskap kjem i hovudsak i medverknadsarbeidet.

Vurderingar:

Kommunedirektøren er positiv til samanslåing av regionale planar. Det er viktig at regionale planar ikkje blir meir fylldige enn nødvendig. Planane bør vere konsise med tydelege politiske føringar, mens kunnskapsgrunnlag, faktaopplysningar, utgreiingar og så bortetter heller bør bli synt til. Samordning mellom stat, fylkeskommunar og kommunar er eit av dei sentrale tema ut i frå kommunedirektøren sitt synspunkt. Til fleire av dei andre plantema er det noko avgrensa kva ein kommune kan påverke. Til dømes ligg ein god del av ansvar for kompetansetilbod og utdanningssystem til andre aktørar.

Samarbeid er altså eit viktig plantema som bør vere med vidare, til dømes mellom kommunar og lokale utdanningsinstitusjonar for høgare utdanning. Dette er ein del av det som er skildra under 3.2.4 samarbeidsstrukturar. Kommunane sitt behov for kompetanse må bli skildra i det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren synar elles til framlegg til fråsegn, og anbefal formannskapet å vedta desse på vegne av Bømlo kommune.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte, men næringsliv og kompetanse er viktige for kommuneøkonomi og rekruttering

Miljømessige konsekvensar:

Ingen direkte. Den ferdige planen vil ha føringar for sirkulærøkonomi

Beredskap og samfunnstryggleik:

Ingen direkte

Folkehelse:

Ingen direkte

Referansar:**Vedlegg til saka:**

- Høyringsframlegg "Planprogram – regional plan for verdiskaping og kompetanse», lenke til PDF-versjon på nettside: [vedtatt-planprogram_rvk_versjon-5-etter-fu-1.pdf](#)